



KULTURPLAN 2020 – 2029

Ein strategisk handlingsplan for utvikling av kultur, idrett, friluftsliv og folkehelse i Modalen kommune.



Kultur er.....

Forventningsfulle menneske.....

Dei som strøymer gjennom dørene

Fylleralar, scener og basseng

Dei kvite dukane og glasa

Sprudlande velkomst

Innhald

| | |
|--|----|
| Forord | 3 |
| Overordna mål for kulturfeltet..... | 5 |
| Folketalet i Modalen | 6 |
| Kommunale kulturinstitusjonar | 7 |
| Modalen Folkebibliotek | 8 |
| Bryggjeslottet..... | 9 |
| Modalen kulturskule..... | 10 |
| Den kulturelle skulesekken..... | 10 |
| Fritidsklubben | 10 |
| Ungdomsrådet | 11 |
| Senior og ulike aktivitetar..... | 12 |
| Frivillig sektor | 13 |
| Dei frivillige organisasjonane..... | 13 |
| Den frivillige arena..... | 14 |
| Idrett og friluftsliv..... | 15 |
| Tilrettelegging for fysisk aktivitet | 15 |
| Natur og friluftsliv..... | 16 |
| Kultur og kulturvern | 17 |
| Kultur | 17 |
| Kulturminnevern..... | 17 |
| Oversikt lag og organisasjonar | 18 |
| Innspel til kulturplanen | 18 |

FORORD

Formannskapet vedtok i februar 2016 å utarbeide ein kulturplan for Modalen kommune, som inneholdt kultur, idrett, friluftsliv og folkehelse.

I økonomiplan for 2018 var målsetjinga under kultur å starte opp arbeidet med kulturplan. Det blei nedsett ei arbeidsgruppe, der formannskapet var styringsgruppa, og medlemmar var assisterande rådmann, kulturkonsulent, leiar for Bryggjeslottet og prosjektmedarbeidar. Gjennom våren var det møte med interessegrupper, der gruppa fekk fleire innspel til kulturplanen. 24.05.2018 vart første utkast til planen lagt fram for formannskapet, der formannskapet tok saka til orientering, og bad om statusopdateringar undervegs i det vidare arbeidet. Av ulike årsaker vart arbeidet med kulturplanen lagt på is utover hausten 2018, og arbeidet vart tatt opp att då ny konsulent vart tilsett ved kulturkontoret. Denne planen tek utgangspunkt i innspel frå formannskap, frivillige organisasjonar og leiarar i kommunen.

Kommunen har mykje å vere stolt over på kulturfeltet, men har og mykje å arbeide vidare med. Det utvida kulturomgrepet ligg til grunn for planen, det vil seie at ein tenker både tradisjonelle kunst – og kulturuttrykk, lag, foreiningar, det fysiske miljø med idrett og friluftsliv, fritid og ikkje minst sett i samband med god folkehelse.

Når vi snakkar om «helse», handlar ikkje det berre om å vere fysisk eller psykisk frisk, altså at vi ikkje er sjuke eller vert utsett for skade, men òg at vi opplever velvære, trivsel og livskvalitet.

Planen her tar utgangspunkt i **Folkehelseoversikt Modalen kommune 2017 og Risikoindeks for folkehelse 2015, Hordaland**

Kommunen ser at frivillige lag og organisasjonar er heilt sentrale når det gjeld å utvikle eit godt kulturtildi i kommunen.

I **Regional plan for folkehelse 2014–2025** er det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland å bidra til eit langsigttig og systematisk arbeid, som gjev fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseskilnader.

Folkehelseloven § 4 pålegg kommunen følgjande:

- Å fremme befolkninga si helse og trivsel
- Å fremme gode sosiale og miljømessige forhold
- Å bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom skade eller lidning
- Å bidra til utjamning av sosiale helseforskjeller
- Å bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa

- Det lokale folkehelsearbeidet handla om å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge, førebygge sjukdom og skade, og utvikle miljø som legg til rette for sunne livsvaner, beskyttar mot helsetruslar og fremma fellesskap, tryggleik, inkludering og deltaking.

Hovudmål i framlegg til ***Regional plan for attraktive senter i Hordaland***, er å fremme livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport og legge til rette for vekst i heile fylket. Planen legg vekt på at det vert utvikla gode og attraktive sentrum, der det er god balanse mellom handel, tenester, kulturtilbod og bustader. Ei målsetting er at kvart sentrum får eit definert sentrumsområde, som vert utvikla og fortetta med god arkitektur, bygd på staden sin identitet og med gode offentlege areal og møteplassar. Planen legg òg vekt på at det kan skapast aktivitet og liv i sentrum heile døgnet. Planen peikar på behovet for offentleg områdeplanlegging for sentrumsområde.

Folkebiblioteka skal ha til oppgåve å fremme opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bur i landet.

Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbod til barn og vaksne legge vekt på kvalitet, allsidigkeit og aktualitet. Biblioteka sine innhald og tenester skal gjerast kjent. Folkebiblioteka er ledd i eit nasjonalt biblioteksystem, i flg. ***Lov om folkebibliotek***

Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008–2012, uttrykker visjon, mål, strategiar og tiltak innan fagområda. Aktivitets- og anleggspolitikken legg grunnlaget for samarbeid mellom offentlege, frivillige og private aktørar om å skape visjonen om ein aktiv kvardag. Hovudmålet er at innbyggjarane i Hordaland skal kunne vere aktive kvar dag, etter eigne ønske og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærliken av der dei bur. Kulturdepartementet krev fylkesplan for å delegere det regionale ansvaret for tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Regional plan for museum 2011–2015 har som overordna mål: «Musea skal utviklast som sterke kunnskapssenter og organisasjonar, og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.»

Kulturminnevern er eit omfangsrikt forvaltingsansvar i fylkeskommunen, og ansvaret er heimla i kulturminnelova. ***Fylkesdelplan for kulturminnevern 1998 –2010***, var den første planen på dette feltet i Hordaland, og han strukturerer innsatsen. Planen har som overordna mål å forvalte kulturarven i Hordaland, slik at ein sikrar ei berekraftig utvikling og at kulturminne og kulturmiljø vert verna som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida.

I ***Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025***, er desse lovane samla.

OVERORDNA MÅL FOR KULTUR OG FOLKEHELSEARBEID

Modalen skal vera ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu.

- Kulturlivet skal vere inkluderande og for alle
- Den frivillige innsatsen skal stå sentralt i kulturlivet
- Det skal leggjast til rette for gode oppvekstvilkår for barn og unge
- Kulturtilbodet skal spegla kulturarven og samstundes vera nyskapande og synleg
- Alle måla som kjem fram i dei ulike kapitla i planen er delmål for å nå dei overordna måla
- Der måla ikkje er tidsfesta, gjeld dei for heile perioden
- Planen skal reviderast i 2024

Kultur er.....underlag

Stien du går på, parketten du dansar på,

Trampolina som let deg fly,


Veggen som møter ballen

Stolen du sit i.....



FOLKETALET I MODALEN

I dag er det 380 innbyggjarar i kommunen. Som ein ser av statistikken under, utgjer ungdom i alderen 10 – 20 ein stor del av innbyggjartalet, og kommunen har ei eit stort ansvar for denne aldersgruppa.



Kilde: Folkemengde, Statistisk sentralbyrå

I Risikoindeks for folkehelse 2015, Hordaland, ser me at Modalen har gått frå nest beste plassering i 2012 tilden 13.dårlegaste plasseringa i kommunane i 2015.

Delindeksane kan endre seg raskt i ein liten kommune, og i 2015 fekk Modalen fleire poeng for t.d. fleire eineforsørgjarar og for negativ folkevekst.

Utfordringar i Modalen kommune i flg. Folkehelseoversikt 2017 og Risikoindeks for folkehelse 2015, Hordaland er:

Betydeleg færre personar i aldersgruppa 15 – 45 år enn andre kommunar. Ungdom reiser vekk for å gå på vidaregåande skule og kjem i liten grad attende for å etablere familie.

Stor auke i talet på eldre i åra framover. For få bustadbygg med fleire einingar. Mange eineforsørgarfamiliar. Avgrensa mangfold i næringslivet.

Kommunale kulturinstitusjonar

I følgje KOSTRA tal og statistisk sentralbyrå, er netto driftsutgifter til kultursektoren i Modalen kommune i 2018 7,1 %, medan idrett har 0,4 %

Det kommunen scorar lågast på, er deltaking i kulturskulen. Samanlikna med andre kommunar i KOSTRA gruppa og i heile landet, gjer Modalen kommune innbyggjarane nesten dobbelt så mykje som andre kommunar i tilskot til ulike kulturelle aktivitetar.

| | | | |
|----------------------|--|---|-----------------|
| TILPASS TABELLEN: | <input checked="" type="checkbox"/> Kostragruppe <input checked="" type="checkbox"/> Landet uten oslo <input type="checkbox"/> Landet <input type="checkbox"/> Fylkesgjennomsnitt | <input checked="" type="checkbox"/> Vis flere kommuner for sammenligning Skriv inn kommune | OPPDATER |
|----------------------|--|---|-----------------|

| Nøkkeltall | Enhet | Modalen | Kostragruppe 16 | Landet uten Oslo |
|--|---------|---------|-----------------|------------------|
| | | 2018 + | 2018 + | 2018 + |
| Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent) | prosent | 7,1 | 6,3 | 3,9 |
| Netto driftsutgifter til idrett (f380+f381) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent) | prosent | 0,4 | 1,6 | 1,3 |
| Netto driftsutgifter til barn og unge (f231+f383) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent) | prosent | 0,5 | 1,4 | 0,8 |
| Netto driftsutgifter til allmenn kultur (f370+f373+f375+f377+f385+f386) (1000 kr) | 1000 kr | 4 352 | 62 366 | 5 015 479 |
| Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr) | kr | 13 137 | 6 802 | 2 343 |
| Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr) | kr | 1 142 | 6 191 | 1 050 |
| Besök i folkebibliotek per innbygger (antall) | antall | .. | 0,0 | 0,0 |
| Besök per kinoforestilling (antall) ¹ | antall | 22,4 | 24,8 | 29,0 |
| Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent) | prosent | 7,7 | 32,1 | 13,8 |
| Omløphastighet for bøker (antall) | antall | .. | .. | .. |
| Brutto driftsutgifter til folkebibliotek (1000 kr) | 1000 kr | 584 | 13 263 | 1 508 191 |

¹ Fra 2008 er besøkstall og tall for forestillinger for Bygdekinoen AS tatt med i tallgrunnlaget. Besøkstall og antall forestillinger er lagt til visningskommunen. Det vises ikke besøk og forestillinger separat for norske filmer for Bygdekinoen. I disse kommunene er visningsted satt lik en kinosal.

MODALEN FOLKEBIBLIOTEK

Kommunen har eit flott bibliotek i Bryggjeslottet. Modalen sitt lokale litteraturhus tener òg som skule – og barnehagebibliotek. Biblioteket sitt samfunnsoppdrag er spissa gjennom «Lov om folkebibliotek» der ein meir aktiv formidlarrolle blir framheva. Kommunen ynskjer å stimulere barn og unge til læring og personleg utvikling gjennom bruk av biblioteket som eit inspirasjonsrom og ei uformell læringsarena.

I eit folkehelseperspektiv er utdanning særsviktig for både økonomi, helse og livskvalitet. Modalen kjem godt ut i Risikoindeks for folkehelse 2015, med berre 11.4 % av vaksne mellom 30-39 år med grunnskule som høgaste utdanning. Til samanlikning har Vaksdal 22.1 % og Fedje 24,4 % av denne gruppa med grunnskule som høgaste utdanningsnivå.

| MÅL | TILTAK |
|---|--|
| Auke tilgangen til biblioteket sine tenester og ressursar I løpet av 2020 | <ul style="list-style-type: none">• Utvide opningstida der bibliotekar er til stades• Biblioteket blir meir sjølvbetjent, publikum kan nytte «nøkkelskilt» og bruke biblioteket når ein ynskjer det |
| Vere ein inkluderande møtestad for kunnskap, oppleveling og / eller rekreasjon | <ul style="list-style-type: none">• Arrangere foredrag, temakveldar, forfattarbesøk, konserter• Arrangere andre aktuelle kurs• Arrangere t.d. datakurs for eldre |
| Barna i Modalen kommune skal bli gode lesarar | <ul style="list-style-type: none">• Arrangere spanande og inspirerande lesestunder• Invitere forfattarar til å halde føredrag |



BRYGGJESLOTTET

Allaktivitetshuset i Modalen er ein levande møteplass for Modalen sine innbyggjarar. Huset har fasilitetar som bibliotek, symjehall, treningsrom, aula, idrettshall, bowling, kino og ungdomsklubb. Det går føre jamleg ulike arrangement i huset, i eigen regi og ved at eksterne arrangørar leiger seg inn i huset. I tillegg til konserter og andre førestillingar, kan huset verte nytta til møte, kurs, konferansar og ulike typar selskap.

I eit folkehelseperspektiv er kultur, idrett og sosiale tilstellingar helsefremjande



| MÅL | TILTAK |
|--|---|
| Auka aktivitetar som kan gå føre seg i huset 2020 - 2021 2029 | <ul style="list-style-type: none">• Arrangere ein større konsert kvart år i hallen• Lage «event» for bursdagsfeiring, kombinere bowling med mat• Reklamere for bowlingsenteret og symjehallen• Lære opp ungdom/ vaksne som kan vere ansvarlege lydmenn ved ulike arrangement• Byggje klatrevegg |
| Oppretthalde og utvikle dei aktivitetane som allereie finns | <ul style="list-style-type: none">• Barnas dag i februar• Ungdomsklubb kvar veke• Kino ein gong i månaden• Arbeide for at flest mogleg deltar på ulike aktivitetar, slik at det ikkje vert sosiale ulikskapar• Julemarknad |

MODALEN KULTURSKULE

Kulturskulen i Modalen er lokalisert til Mo skule. Rektoransvaret for kulturskulen ligg under rektor i grunnskulen og vaksenopplæringa.

| MÅL | TILTAK |
|--|--|
| Gje tilpassa undervisning til alle interesserte barn og unge som ynskjer opplæring innan kunstnariske fag | <ul style="list-style-type: none">• Tilby undervisning til enkeltelevar og/eller grupper innan tradisjonell song og instrumentopplæring.• Tilby tidsavgrensa kurs innan kunst- og kulturuttrykk, t.d. dans, drama, teikning/måling/keramikk, matkultur mm |
| Auka deltaking frå grunnskuleelelevane | <ul style="list-style-type: none">• Oppretthalde ein rimeleg kostnad for deltaking |

Den kulturelle skulesekken/barnehagesekken

Den kulturelle skulesekken/ barnehagesekken er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Mo skule, Modalen barnehage og Eksingedalen skule.

| MÅL | TILTAK |
|--|--|
| Borna skal møte profesjonelle kunst –og kulturtilbod med høg kunstnarleg kvalitet | <ul style="list-style-type: none">• Besøk av Hordaland teater og andre barneteater• Besøk av forfattarar eller andre kunstnar• Tur til Den Nationale Scene |
| Styrke borna sin kulturelle identitet og trivsel | <ul style="list-style-type: none">• Årleg fjelltur til gamle lokale ferdavegar• Besøke skolemuseet i Modalen• Besøke Skipshelleren• Arbeide med lokal byggeskikk• Tur til Bergen, kino, museum, utstillingar |

Fritidsklubben

Fritidsklubben er eit tilbod som er retta mot barn og ungdom frå 5. til 10.-klasse. Tilboden vert gjeven etterskuletid/ kveld. Fritidsklubben er ei kommunale teneste, men er avhengig av foreldre sin medverknad. Våren 2019 har foreldre hatt ansvar for den yngste gruppa, då kommunen ikkje har klart å tilsette miljørarbeidar til dette formålet.

Dei eldste har hatt miljørarbeidar kvar fredag, og halde til på Bryggjeslottet.

Hovudmålet for fritidsklubben er å være haldningsskapande og motverka rus, rasisme og vold blant ungdom.

I eit folkehelseperspektiv er satsinga på barn og unge viktig,

| MÅL | TILTAK |
|--|---|
| Klubben skal vere ein trygg og møtestad der barn og unge har stor medverknad. | <ul style="list-style-type: none"> • Tilsetje ungdomsarbeidar i 40 % stilling frå hausten 2020 • Invitere inn andre ungdomsklubbar • Bruke foreldre som støttespelarar |
| Tilbodet skal vere mangfaldig | <ul style="list-style-type: none"> • Arrangere turar til Bergen, til t.d. konserter, teaterbesøk |
| Klubben skal førebygge rus, utestenging og sosiale ulikskapar | <ul style="list-style-type: none"> • Halde inspirerande føredrag retta mot ungdom • Jobbe med inkludering |

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet blei konstituert i november 2015. Saksesskriterier for at ungdomsrådet skal fungere godt er reell påverknad og moglegheit til å komme med initiativ og nye idear, i tillegg til å gje innspel til høyringar.

I eit folkehelseperspektiv er dei unge si røyst viktig for å fremje ein politikk som gjer at dei ynskjer å busetje seg i kommunen

| MÅL | TILTAK |
|---|--|
| Ungdomsrådet må få auka status og innverknad | <ul style="list-style-type: none"> • Ungdomsrådet skal uttale seg i aktuelle saker og deira syn skal kome fram i kommunal sakshandsaming • Kommunestyret skal inkludere ungdomsrådet i opplæring, rettleiing og synleggjering • Ungdomsrådet må ha tydeleg mandat som seier kva rettigheitar, plikter og moglegheiter ungdomsrådet har. |
| Forankring og interesse hos politisk leiing | <ul style="list-style-type: none"> • Politisk og administrativ leiing møter på dei unge sine arena og etterspør idear og synspunkt |



SENIOR OG ULIKE AKTIVITETAR

I Modalen er det ein sjukeheim, Modalstunet, der det i dag er 9 brukarar. Dette varierer gjennom året. I tillegg har kommunen heimeteneste og fysioterapi for eldre.

Det vert stor auke på talet eldre i åra som kjem og fleire som treng tilsyn i heimen. Fleire eldre vil ha trøng for tilrettelagde bustadar.

Eit viktig arbeid i eit folkehelseperspektiv er aktiv førebygging av utryggleik, isolasjon og einsemd, og å i vareta og leggje til rette for aktiv deltaking og involvering av alle aldersgruppe i kommunen.

| MÅL | TILTAK |
|--|--|
| Auka satsing på universell utforming slik at nærmiljø og transport er tilgjengeleg for alle 2024 - 2029 | <ul style="list-style-type: none">• Byggje fortau, slik at eldre kan bevege seg trygt langs vegen• Jobbe for å få betre busstilbod til og frå Modalen• Auka innsatsen frå frivillige organisasjonar, slik at ingen blir ekskludert frå ulike aktivitetar |
| Ha nok og alternative bustadar for eldre, slik at dei kan bu heime lengre | <ul style="list-style-type: none">• Utarbeid plan for bustadbygging |
| Minske einsemd blant eldre | <ul style="list-style-type: none">• Auka ressursar til å foreta fleire heimebesøk• Oppretta fleire kollektive tilbod for eldre• Auka innsatsen frå frivillige organisasjonar til å vitje både bebuarar på sjukeheimen og i heimane |
| Oppretthalde onsdagstreffene og mandagstrimmen | <ul style="list-style-type: none">• Få alle med |
| Støtte opp om opplæring i ny teknologi både i offentleg og frivillig regi 2021 - 2024 | <ul style="list-style-type: none">• Tilby kurs for eldre som gjer dei trygge på bruk av digitale og sosiale media |



FRIVILLIG SEKTOR

Den frivillige arbeidsinnsatsen i dei frivillige organisasjonane i Norge tilsvara 147 800 årsverk.

- 61 % av befolkninga (over 16 år) bidrar med frivillig arbeid i dei frivillige organisasjonane årleg. Dette er den høgaste andel som er målt på verdsbasis. Vi deler førsteplassen med Sverige.
- Over halvparten av det frivillige arbeidet vert lagt ned i kultur- og fritidsorganisasjonar, inkludert idrett.

Dei frivillige organisasjonar

Modalen har eit rikt mangfald av frivillige organisasjonar og foreiningar. Frivillig arbeid peiker på arbeidsinnsats ein legg ned utan å mota løn eller anna økonomisk kompensasjon.

Økonomisk stønad frå Modalen kommune er viktig for at lag og organisasjonar skal kunne gjennomføre sine planar for aktivitet. I tillegg kan det vere ulike inntektskjelder som t.d. kontingent, arrangement m.m.

Kommunen set av ein årleg sum på budsjettet, som skal fordelast på den organiserte delen av frivillig sektor

I eit folkehelseperspektiv er frivillig arbeid den arena ein kan famne om flest mogleg av kommunen sin innbyggjarar

| MÅL | TILTAK |
|--|---|
| Oppretthalde ein årleg sum i budsjettet, slik at lag og organisasjonar kan ha moglegheit til å fortsetje med arbeidet | <ul style="list-style-type: none">• Ha gode rutinar for søkeradsprosessar• Vere tidleg ute med informasjon om fristar og søkeradsprosedyrer |
| Kommunen har ei open kommunikasjonslinje ut mot innbyggjarane | <ul style="list-style-type: none">• Oppretthalde og vedlikehalde kalender på heimesida• Tilby samarbeidsmøter med lag og organisasjonar ein gong i året |
| Legge til rette for at alle, uansett økonomi og sosial status får tilbod om å delta i ulike frivillige aktivitetar | <ul style="list-style-type: none">• Barnehage, skule og helsestasjon er med å opplyse og oppfordre til deltaking |
| Kommunen må legge til rette for at barn og unge blir aktive | <ul style="list-style-type: none">• Stø opp om lokale prosjekt som vektlegg aktivitet, sosial kontakt, utfordring og spenning t.d. støtte Nestadvatne OPP, LAN-party og liknande.• Starte sjakk klubb hausten 2019 |
| Aktivitetar i feriar, kommune og organisasjonar samarbeider 2021 - 2024 | <ul style="list-style-type: none">• Gje tilbod om aktivitetar i sommarferien |

DEN FRIVILLIGE ARENA

I Modalen er det fleire møteplassar t.d. Bryggjeslottet, Samfunnshallen, Øvre Helland samfunnshus, Mo kyrkje, Mo skule.

| MÅL | TILTAK |
|--|--|
| Bidra til at lag og organisasjonar tek vare på lagshus / grendahus | <ul style="list-style-type: none">Oppretthalde tilskotsordning gjennom kulturmidlane |
| Legge til rette for at friluftsområde og grøntanlegg kan nyttas og utviklast til gode for alle, uansett aldrar og aktivitetar 2024 - 2029 | <ul style="list-style-type: none">Ferdigstille « Kartlegging og verdsetjing av friluftsområde i Modalen kommune»Informasjon om eksisterande friluftsområde må vere lett tilgjengeleg«Turistinformasjon» tilgjengeleg om sommaren |
| Kyrkja skal vere kulturbærar 2021 - 2024 | <ul style="list-style-type: none">Open kyrkje på dagtid i sommarsesongenAktivitetane i kyrkja skal famne vidt og inkludere alle aldersgruppeVedlikehalde kyrkja |



IDRETT

Innbyggjarane i Modalen kommune må kunne ver aktive kvar dag etter eigne ønskje og føresetnader, på allment tilgjengeleg område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

I eit folkehelseperspektiv :

Fleire born og unge skal vere minimum 60.min. dagleg i fysisk aktivitet

Tilrettelegging for fysisk aktivitet

| MÅL | TILTAK |
|--|---|
| Auka bruken av Bryggjeslottet 2024 - 2029 | <ul style="list-style-type: none">Oppretthalde rimeleg medlemskap, slik at ein kan bruke basseng og styrkerom meir |
| Auka bruk av samlingsstadar, turløyper og stiar | <ul style="list-style-type: none">Utforme turløype rundt Mo, som gjer moglegheit for rullestolbrukar, jogging, rulleski, gåtur og plass til å setje seg ned og kvile og slå av ein pratBygge «styrketreningspark» med klatrevegg, og ulike treningsapparat på OtterstadLage ein samlingsstad ved klatreparken, der ein kan møtas, ein del av den bør har tak, slik at ein kan trekkje inn ved regnvêr |
| Elevar skal kunne sykle til og frå skulen 2022 - 2029 | <ul style="list-style-type: none">Utarbeide plan for gang – og sykkelsti der det er mogleg |
| Idrettslaget skal vere ein viktig samarbeidspartner | <ul style="list-style-type: none">Kommunen inviterer til faste møter med idrettslaget |

NATUR OG FRILUFTSLIV

| MÅL | TILTAK |
|--|---|
| Ta vare på område avsett til friluftsliv og leggje til rette for nye område 2020 - 2024 | <ul style="list-style-type: none">• Ruste opp «Hølen», badeplass på Øvre Helland• Forlenging av turstien langs elva opp til Helland• Etablere rastepllassar med høve til grilling og kvile langs stien• Lysløype for ski på Øvre Helland• Opparbeide sti til Nedstadvatnet, bruke sherpaer i arbeidet• Opparbeide rasteplasser med høve til kvile langs stien• Etablere «signaturløype» for Modalen kommune |
| Nytta sjø og strand meir 2020 - 2024 | <ul style="list-style-type: none">• Oppmoda grundere til setje i gang bedrift for kanoutleige/ anna vann sport |



KULTUR OG KULTURVERN

Kulturlivet skal vere ope og inkluderande for alle. Det skal vere varierte og gode tilbod til alle, kunstutstillingar, konsertar, teater og ulike idrettsarrangement.

Kulturminne er kjelde til kunnskap, oppleving og bruk.

I eit folkehelseperspektiv : eit variert kulturtildob påverkar fysisk og psykisk helse i alle aldersgrupper.

Kultur

| MÅL | TILTAK |
|---|---|
| Kommunen legg til rette for ulike arrangement | <ul style="list-style-type: none">• Vidareutvikla Modalsdagane• Veteranbåttreff• Kunstutstillingar• Konsertar• Foredrag |
| Kommunen legg til rette for kunst og kulturuttrykk i ulike formar | <ul style="list-style-type: none">• Kunstutsmykking i alle offentlege hus |

Kulturminne

| MÅL | TILTAK |
|---|---|
| Sikra at kulturminna i kommunen vert tekne vare på og synleggjort 2024 - 2025 | <ul style="list-style-type: none">• Revisjon Kulturminnevernplan frå 2000• Oppretthalde tilskotsordning til kulturminnevern• Utbetre merking av kulturminne, og skilt som informerer om kulturminne |
| Sikra vern av kommunale samlingar slik at dei kan vere tilgjengeleg for publikum 2022 - 2029 | <ul style="list-style-type: none">• Stimulere til prosjekt som tek føre seg historia frå farne tider, t.d. Historia om sandtaka i kommunen |
| Sikre at særeigne kulturlandskap vert verna | <ul style="list-style-type: none">• Stimulere grunneigarane til å ta vare på særeigne kulturlandskap gjennom aktiv bruk av tilskotsordningar• Stimulere til etablering av kulturstiar og vandringar slik at kjelde til kunnskap og vert kombinert med fysisk aktivitet |

LAG OG ORGANISASJONAR I MODALEN

Modalen barneteater
Modalen idrettslag
Modalen skyttarlag
Idrettskulen
iModalen
Mo og Kleivane Vel
Modalen folkeakademi
Modalen indremisjonsforening
Modalen kvinne –og familielag
Modalen pensjonistlag
Øvre Helland Vel
Raudekrossen

Innspel til kulturplanen:

Formannskapet
Opent folkemøte
Leiarar i kommunen
Frivillige lag og organisasjonar